

Osterøy kommune

Rådhusplassen
5282 Lonevåg

Hauge, 22.06.2023

Søknad om frådelling av ein parsell på gnr. 13 bnr. 1 på Lone

Vedlagt ligg søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett og krav om matrikulering. Tiltaket gjeld å dela i frå eksisterande våningshus på garden ved å oppretta ein ny parsell. Landbrukskontoret har i vedtak datert 21.12.22, gjeve løyve til frådelling av parsellen med eit areal på om lag 1000m². Området er sett av til LNF, og det vert søkt om dispensasjon frå formålet.

Naboar er varsla og det er ingen merknader.

Det er lagt ved erklæringar som gjev den nye parsellen rett til vatn, avlaup og veg.

I forhold til skredfare ligg ein liten del av bustaden i aktsemdområde for utløyning av snøskred. Sidan dette er frådelling av tomt til eit eksisterande hus, der det ikkje vert noko auke i bueiningar, medfører ikkje tiltaket noko vesentleg endring på eigdommen. Derfor er det etter vår vurdering ikkje naudsynt å gjera nokre tiltak i forhold til snøskred.

Under punktet om plassering i søknaden er ikkje avstandar ført inn, då me ikkje ser på det som relevant sidan det er ei frådellingssak .

Me håpar søknaden kan handsamast slik den føreligg. Ta gjerne kontakt dersom det er manglar eller noko er uklart.

Med venleg helsing

Helge Rød A/S
Synnøve Tveiterås